

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/2516-1

## **Status oppfølging av forvaltningsrevisjon 25.3.2015**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek status på oppfølging av forvaltningsrevisjon versjon 3-15 til vitande.

#### Vedlegg:

- Status FR – versjon 3-15, datert 9.3.2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Fylkestinget vedtek plan for forvaltningsrevisjon seinast innan utgangen av året etter fylkestingsval, som inneheld forvaltningsrevisjonsprosjekt som kontrollutvalet skal få gjennomført i løpet av valperioden.

Planen kan rullerast i løpet av valperioden. Revidert plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken av fylkestinget 11.06.14 i FT-sak 4/14.

Kontrollutvalet legg fram rapportar etter gjennomførde forvaltningsrevisjonar til fylkestinget. Fylkestinget vedtek eventuell oppfølging av tiltak som revisor har nedfelt i rapportane.

Kontrollutvalet skal sjå til at vedtak som fylkestinget har fatta skal følgjast opp. Vidare skal kontrollutvalet sjå til at eigne vedtak vert følgt opp i organisasjonen.

For å få struktur på oppfølgingar av gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt vert det gjennomført møte mellom kontrollsjefen og ein representant for fylkesrådmannen der status for oppfølginga er tema. All oppfølging vert nedfelt i ein statusrapport, og denne rapporten vert framlagt for kontrollutvalet 2 gonger i året, vår og haust. Denne rutinen er i samsvar med årsplanen for kontrollutvalet.

Status som vert lagt fram til møtet 25.3.2015 er på bakgrunn av oppfølging som er gjort i løpet av hausten 2014 og fram til oppfølgingsmøte mellom kontrollsjef og administrasjon 27.1.2015 og KU-møte 10.2.2015.

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta statusrapporten til vitande.